

Fra: "Erling Rød" <erlingrod@gmail.com>
Sendt: torsdag 27. august 2026 18:37:43
Til: "Kjersti Sternang Kvie" <kkvi@nve.no>
Kopi: "Bjørn Magne Øverås" <bjornma@outlook.com>; "Magne Bugge" <m.bugge1955@gmail.com>; "synnove.nbugge@gmail.com" <synnove.nbugge@gmail.com>; "Per Atle Hansen" <pah@oppdal.com>; "Terje Erstad" <terjeerstad4@gmail.com>; "Jensen, Ronni Rød (Bilfinger Engineering & Maintenance Nordics AS)" <ronni.rod.jensen@bilfinger.com>
Emne: Aura 2 Tilleggsuttale etter synfaring 19. august

Aura 2 Tilleggsuttale

Eg takkar for den fine synfaringa 19. august.

Det vart då sagt at vi kunne komme med nye eller tillegg til dei uttalane som var gjeve, innan 14 dagar.

Fleire innspel til utbygginga har komme om at folk flest må stengjast ute frå området. Dei vil stengje vegen rundt Torbuhalsen, stengje sideveggar og stengje vegane opp fram til 15. juni. Villreinnemda vil heller ikkje at folk flest skal komme til fjells når vegen er brøyta.

Eg ber om at NVE i den nye konsesjonen ikkje legg inn slike endringar i den nye konsesjonen.

Tilkomst til fjells var den fordelan vanlige folk fikk ved kraftutbygginga, har nytta og bør ikkje fjernast. Eg trur dei fleste som held til ved Aursjøen og i Torbudalen synest kraftanlegget er bra greier.

Det må ikkje bli slik at Aura 2 er eit miljøprosjekt ved at det har ført til vegstenging.

Grunngjevinga for slik stenging er at det vil få fleire reinar til å fare over Torbuhalsen og med det berge reinsstammen. Det er få som har i minnet at då det på 1960-talet for mykje rein over Torbuhalsen, var stammen 15-20 000 dyr. No er det berre 2 000 dyr etter kollaps og hard jakt. Det er ikkje så mange som fer der.

På 1960- talet var dei ville rovdyra og -fuglane rydda ut. Det var berre dei med gevær som passa stammen. No er det annaleis.

For at fleire reinar skal fare over Torbuhalsen må dei bli fleire. Reinen bør derfor fredast til dei blir dobbelt så mange som i dag.

Eg har fore og vore i Aursjøtraktane i 60 år. Då Takrenna og Reinsvassdammen vart bygd, var reinen ikkje redd anleggsmaskinane. Då Aursjødammen vart rehabilitert for 20 år sia, var han heller ikkje redd, og dei gjekk heilt ned til anleggsområdet. Trua på at reinen er redd fredeleg aktivitet, er overdreven. Reinen er redd farlege folk...

Sjå skriveriet mitt frå 2026-08-16 om bakar for smed i avisene Driva og Aura Avis:

Å rette bakar for smed.

I diktet «Smeden og bakaren» som Wessel laga for 250 år sia, fortel han om ein bakar som urettmessig vart dømt til dauden for noko smeden hadde gjort. Det var berre ein smed i bygda, medan det var to bakarar.....

No skjer noko liknande med Aursjøvegen ved Torbuhalsen mellom Torbudalen og Aursjøen. Her fer det no ikkje så mange reinar som det gjorde for femti år sia. Etter kvalitetsnormen for villrein, er det ikkje bra.

«Faggruppa» trur at det er bilistane og molteplukkarane som er årsaken.

Statkraft treng ein ny konsesjon no når Aura 2 skal lagast. Mange krev at vegen rundt Torbuhalsen skal stengjast og at det skal stå i konsesjonen som NVE skal skrive ut. Dei trur det då blir fleire reinar som fer her.

Det blir som å rette bakar for smed

I 1963 var det omlag 15 000-20 000 reinar i fjello våre. Dei for alle stadar. No er dei 2000, som er 80-90% færre, og då er det heilt naturleg at færre fer over Torbuhalsen.

Talet på vill rein har svinga mykje dei siste 150 åra.

I 1887 fekk karane Krag og Jørgensen patent på ei ny armebørse. Ho hadde magasin og etter kvart vart ho mykje nytta til reinsdreping.

Ved århundreskiftet var den ville reinen mestå rydda ut. Tamreinsdrift verka og på utryddinga. Den ville reinen vart freda i tida 1901-1906.

Talet på vill rein her i området vårt steig sakte, under krigen hadde ikkje folk flest gevær, og i 1950 var det omlag 8000 dyr.

Jakta vart halden attende. I 1962 hadde det vorte 15-20 000 dyr, sjøl om det i 1962 vart drepe 3200. Det hadde vorte for mange dyr, beita var oppetne, dyra skranta og daua. I 1965 var det berre 1815 dyr å sjå under teljinga. Det var truleg fleire.

Det vart freding att og drepinga kunne starte på att for fullt i midten av 1970-talet. (Eg drap den første semla mi i 1975, innafor Lesjøen).

Sia midten av 1970-talet har målet for dei som sel kort, licence to kill, vore å tene peng og at talet på rein skal vere omlag 2-3000.

Då det var mange reinar, for han over alt, men no når det er få held han seg mest på dei opne og oversiktlege områda.

Dei ville store rovdyra våre som drep og et rein, har i tal hatt ei utvikling i motsett retning enn talet på rein.

På 1800-talet var det mange gauper, bjøinnar, ulvar, jervar og ørnar som forsynte seg av dei ville og tamme klovdyra. På slutten av 1800-talet vart det starta krig mot «udyra» med skotpremie og giftutlegging. Talet gjekk ned. Krigen held fram til omlag 1970 då dei fleste ville rovdyra var borte.

Det vart freding og etter 50 år har vorte ville rovdyr att. Når dei blir svoltne, drep dei og reindyr og et det gode kjøtet.

For mange reinar på 1960 talet skuldast at dei ville rovdyra var rydda ut og at dei tamme rovdyra ikkje hadde lært seg å gjere som dei ville rovdyra, å drepe dei svake reinsdyra i stort nok tal.

I fjello våre er det i hovedsak talet på tamme og ville rovdyr som har bestemt og bestemmer korleis den ville reinen fer og ter seg.

Mange trur likevel at det ikkje fer så mange dyr att og fram over Torbuhalsen og Kvitmyrin på grunn av nokre bilar, eit par kraftliner og ein innsjø.

Bilane, linene og innsjøen drep ikkje rein. Reinen er heller ikkje redd bilar, så lenge det ikkje blir skote frå dei, ikkje er han redd kraftliner og han kan symje og gå på isen. Alt dette har eg sjøl sett.

Mange har glede av vegen rundt Torbuhalsen, anten dei er hytteeigarar eller folk flest. Det er og mange som lever av at folk flest fer her.

Å stengje vegen rundt Torbuhalsen vil ikkje gjere det lettare å vere vill rein, men....

å frede dei ville reinane våre nokre år vil gjere det lettare og tryggare å vere rein. Dei vil bli fleire, ikkje så livredde og dei blir feitare når dei gode sommarbeita blir tekne i bruk att.

Å stengje vegen rundt Torbuhalsen er «å rette bakar for smed».

Innste Målle 2026-08-27
Erling Rød